

Sunnhordland Kraftlag v/Magne Andresen
Postboks 24
5401 STORD

Dato: 20.06.2016
Vår ref.: 2014/373-13
Saksbehandlar: torslin
Dykkar ref.:

Sunnhordland Kraftlag SKL - Nye Etne - Etne kommune - Hordaland - Krav om arkeologisk registrering

Vi viser til e-post frå SKL v/Magne Andresen datert 03.06.2016, med kart over endringar av tiltaksområder i samband med at SKL erstattar Haugaland Kraft AS som tiltakshavar for Nye Etne. Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Etter ei vurdering av endringane i planlagde tiltaksområder, har delar av dei nye og utvida massedeponi- og riggområda potensiale for funn av hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne. Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune finn det difor naudsynt med arkeologisk registrering av desse områda.

For å oppfylle undersøkingsplikta i høve Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 9, må dette gjennomførast før vi kan gje fråsegn i saka. Registreringa vil avgjere om tiltaket kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte kulturminne. Vi gjer merksam på at planane må reviderast, eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som dispensasjonsmynde, dersom det viser seg at tiltaket eller delar av dette kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne.

I medhald av kulturminnelova §§ 9 og 10, må kostnadene ved registreringa betalast av tiltakshavar. Kostnadsoverslaget som blei utarbeida på bakgrunn av tidlegare utbyggingsplanar, ligg framleis til grunn for berekninga av registreringskostnadane, men må aukast i omfang med ein dag og justerast i høve til nye satsar. Kostnadsoverslag er lagt ved. Skulle kostnadane overskride vårt overslag vil vi varsle dykk om dette.

Skriftleg godkjenning av kostnadsoverslaget med opplysningar om evt. organisasjonsnummer, samt signatur til den som er ansvarleg betalar, sendast til Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune (scannet, signert svarbrev kan sendast pr. e-post). Når kostnadsoverslaget er godkjend vil vi ta kontakt for å få arbeidet utført så raskt som mogeleg. Feltseongen er normalt frå april til november.

Med helsing

David Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Tore Slinning
spesialrådgiver | arkeolog

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.